



Arkivnr: 2017/2529-9

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017

Søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekningar i Fjell

Samandrag

Turbuss Vest AS har søkt om fornya ruteløyve for drift av servicebussruter i Fjell etter avtale med Fjell kommune. Fylkesrådmannen finn ikkje at det vil kome i konflikt med det fylkeskommunale rutetilbodet å tildele det omsøkte løyvet, men at det vil vere til gagn for eldre og personar med nedsett funksjonsevne i Fjell.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tildeler Turbuss Vest AS ruteløyve for servicebussruter i Fjell kommune, i samsvar med søknad av 18.01.17.
2. Ruteløyvet gjeld for 10 år.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.04.2017

Bakgrunn

Fylkesutvalet tildelte i 2013 Turbuss Vest AS (TV) ruteløyve for for servicebussruter i Fjell kommune. Sidan då har TV drive slike servicebussruter i Fjell etter avtale med kommunen. Ruteløyvet går no ut, og TV har i brev av 18.01.17 søkt om fornying av det.

Saksopplysningar

Fylkesutvalet er ruteløyvestyresmakt.

Omgrepet servicebussruter vert til vanleg nytta om særskild tilrettelagt rutetransport for personar med nedsett funksjonsevne som fremste målgruppe, der det er avgrensa rutetilbod eller lang avstand til nærmaste haldeplass. Skyss driv i dag slike ruter i Bergen sentrum, på Landås, på Laksevåg, ved Solheimslie og i Åsane.

TV sin søknad gjeld følgjande strekningar:

- Bjørøyna – Hjelteryggen – Tobrotet/Tona – Arefjord – Brattholmen – Straume terminal.
- Turøyna – Misje – Elvebakken – Angeltveit – Ågotnes – Fjæreide – Kolltveit – Straume terminal.
- Syltøyna – Lokøyna – Langøyna – Algrøyna – Vestsida – Ågotnes – Morland – Straume terminal.
- Kallestad – Haganes – Fjell – Bildøybakken – Li/Ekerhovd – Søre Bildøyna – Straume terminal.
- Møvika – Neset/Ekren – Ulveset – Fjell – Våge – Foldnes – Straume terminal.

Mange av desse stadene har liten busetnad, og det ordinære kollektivtransporttilbodet der er difor i hovudsak knytt til transport av skuleelevar og arbeidsreisande.

Det er søkt om å utføre ei tingsingsrute kvar veg på føremiddagen to dagar i veka.

Omsøkt takstregulativ er eins takst kr 50 pr passasjer uavhengig av reisestrekning.

Høyring

Skyss har ikkje kommentarar til søknaden.

I brev av 05.04.17 frå Fjell kommune heiter det m.a følgjande:

I mangel på tilstrekkeleg offentleg kollektivtilbod har Fjell kommune, gjennom mange år, hatt eige transporttilbod til eldre og andre som bur i bygder med særleg dårleg bussdekning. Mange eldre har ofte behov for eit meir fleksibelt transporttilbod enn det vanlege kollektivreiser dekker. Fjell kommune sitt tilbod har vore innretta slik at ein mini-buss kan køyre heilt fram til husa, hjelpe dei eldre til å komme seg inn og ut av husa og hjelpe til med å bere tunge vesker. Vi har kalla tilbodet «Servicebuss for eldre».

Behovet for denne forma for tilrettelegging av transporttilbod vil vere aukande for Fjell kommune i åra som kjem.

Gjennom strategien «Sjef i eige liv» legg Fjell kommune til rette for at dei eldre kan bu lengst mogeleg i eigen heim. [...]

Turbuss Vest har vore Fjell kommune sin leverandør på «Servicebussen» sidan 2013. Vi støttar sjølvstilt opp om søknaden deira om forlenga konsesjon på dei fem rutene som til no har vore aktuelle [...].

Vurdering

Fylkesrådmannen er generelt oppteken av å skjerme Skyss sitt inntektsgrunnlag. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det omsøkte rutetilbodet kan skade dette inntektsgrunnlaget merkbar. Derimot kan det etter fylkesrådmannen si vurdering vere til gagn for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Fjell

kommune å kome den aktuelle søknaden i møte, og det vil i alle høve stø opp under Fjell kommune sitt pågåande prosjekt. Fylkesrådmannen rår, på bakgrunn av denne vurderinga, til at søknaden frå Fjell kommune vert imøtekomen.